

Om selskapet

Bømlo kraftnett AS er eit selskap i konsernet Finnås kraftlag SA. Bømlo Kraftnett har om lag 8600 nettkundar og er underlagt kravet om skilje på selskapsnivå (selskapsmessig skille), jf. energilova (LOV 1990-06-29 nr. 50) §§ 4-6 og 4-7. Nettselskapas nøytralitet og informasjonsplikt beskrivast i avregningsforskrifta (FOR 1999-03-11 nr. 301) kapittel 8, i tillegg til at NVEs "Veileder om nettselskapets nøytralitet og informasjonsplikt" nr. 5/2011 gir nærmere beskriving av krav som stilles og korleis nettselskapa kan overhalde desse.

Rutinar og prosedyrar

Det er utarbeida ein prosedyre for korleis nøytraliteten skal følgast opp i Bømlo kraftnett AS. Alle tilsette ved kundeavdelinga er kjent med prosedyren, lover og forskrifter. Bømlo kraftnett AS sitt kundesenter har eige telefonnummer. Frå 1. oktober 2021 har Bømlo kraftnett AS hatt eigen database for kundedata skilt frå andre selskapa i konsernet. Bømlo kraftnett utfører veglystenester for Bømlo kommune, og noko overskotskapasitet er brukt til tenester for konsernet . Den nødvendige bevisstheita rundt nettselskapets monopolrolle generelt og nøytralitet spesielt, følgast opp som ein del av leiaransvaret i Bømlo kraftnett AS. Bømlo Kraftnett AS har eigen logo og køyretøy og arbeidsklede er merka med selskapet sin logo.

Årsrapport skal utarbeidast innan tre månadar og gjerast lett tilgjengeleg for offentlegheita, samt sendast til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Bømlo Kraftnett brukar selskapet sine nettsider www.bomlo-kraftnett.no, for offentleggjering av nøytralitetsrapporten. Der vil og nøytralitetsprogrammet og gjeldande nøytralitetsprosedyre bli lagt ut.

Eksterne hendvendingar

Det er ikkje mottatt klager eller andre spørsmål frå kundar, kraftleverandørar eller andre på nøytralitetsbrot i løpet av 2022.

Nøytralitetsansvarlig Bømlo Kraftnett AS

Bente Steinsland